

Kjempekjekt på Camp 7.klasse.

02.06.2017



7.klasse kosa seg på friluftscamp.

7.klassingane er ferdige på Uskedal skule om 3 veker, men dei er slett ikkje byrja å trappa ned. Tvert om er aktiviteten på topp både når det gjeld det reint skulefaglege og andre kjekke og kreative ting. Sist veke hadde dei flott studietur til Bergen, og torsdag denne veka hadde dei eit kreativt og veldig kjekt opplegg dei kalla Camp 7.klasse.

Klassen er kjent som både sprek og turglad, og det var under ein tur til Storhaug at ein av elevane, Åsne H. Arnesen, kom med idéen. Resten av elevane tende på den, og dette utvikla seg til det som vart **Camp 7.klasse**på Storhaug. Torsdag vart det gjennomført. Kontaktlærar Åse M. Neset er som kjent ikkje vanskeleg å få med på tur, og ved hjelp av flinke foreldre og ei søster vart det kreative opplegget gjennomført.

Dei starta klokka halv ti om føremiddagen, og turen gjekk oppover Halsane til Storhaug der dei gjorde klar base. Det skulle vera samlingspunktet fram mot midnatt, for ein viktig del av opplegget var at dei skulle gå ned att etter det var blitt mørkt med bruk av lykter.



Storfiskar Kristian Øvstebø.

Vel framme på basen kunne elevane velja mellom 4 opplegg.

- Gå inn til Mannsvatnet og fiska
- Gå over Solfjell og ned til Mannsvatnet og fiska.
- Gå opp til Solfjell og ned att
- Vera i campen og kosa seg der.

Det vart mykje aktivitet, og dermed var det også ein god del som nytta høve til ein middagslur i campen i løpet av dagen. Då kom det godt med at dei fleste hadde sovepose eller fjellduk med på turen. Ein gapahuk hadde dei også.

Kontaktlærar Åse kunne også fortelja om at fisket var svært bra. Kristian Øvstebø viste seg som sjølve storfiskaren, og auren beit omtrent før han hadde fått snoret ut. Til saman fekk Kristian 21 fjellaurar, men så er no han også ein svært erfaren friluftskar. Fiskelukka hans var til stor inspirasjon for dei andre.

Solide nister hadde dei med, og i tillegg var det fellesgrilling i campen kl.18. Turen var særdeles vellukka, og Åse Neset rosar medhjelparane for svært god jobb på alle måtar. Utan den flotte innsatsen deira hadde det sjølv sagt vore heilt umogeleg å gjennomføra dette opplegget. Dei deltok også for fullt i leiken på campen. Det var stor stas og meir enn topp innsats då politien Sigurd Børve og friluftsguruen Jan Øvstebø 'hadde han' på Bom 50. Dei andre vaksne gav også alt i leiken!! Slikt gjev gode minne!



Fint under gapahuken.



Godt med litt avslapping mellom all aktiviteten!



Grilling på fjellcamp er topp!



Ase vekslar mellom å synga god natt-sangar, og å sola seg, eller kva??

Nedturen svara og til forventningane, og sjølv om det er lyst lenge om kveldane, fekk dei oppleva mørket og brukta lyktene sine. Turen gjekk nedover Halsavegen, og dermed fekk dei det ekstra mørkt då dei gjekk gjennom den tette skogen. Klokka halv eitt var dei nede på parkeringsplassen i Halsane. Sjølvsagt var dei trøtte då etter ein lang dag med mykje aktivitet i det flotte veret, men kva gjer vel det når dei hadde hatt det så kjempemoro? Og det var ikkje berre dei som hjelpte til med gjennomføringa som fekk ros av Åse. Elevane fekk også sin velfortente del av rosen.

- Dei er jo alltid så kjekke. Det er så kjekt å vera saman med så positive og fornøgde ungdommar, sa kontaktlæraren.

Og vi spør: kva vert det neste frå denne kreative og spreke klassen?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Sigurd Børve